

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Brynet

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie
(62 år gl.)Gard: Skeie
(eg voks opp der)

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 24 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Ja, helst det.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Me seier kvassteidn. Dette var det vanlege i mi barndomstid. Når det gærdt ein finare sort stein vart det kalla heidn. Både hein og kvasstein var mannkj. I den seinare tid er ordet "bryne" etter kvart komé til.

Å bryna ljåen kalla me for å "kvedja" - kvatte - kvatt.

2. Tidlegare vart det bruka så godt som berre naturstein. Etter kvart er det gått over til kunststein, så det no vert bruka nesten berre av den. I bygda er ikkje brynestein-brot. Kor den naturlege stein kjem frå no, veit eg ikkje. Derimot tala far min om at kvassteidn kom frå Telemark.

Bryner av alle slag har ein her ikring alltid kjøpt hjå handlesmannen.

3. Serlege treskjereknivar brukast ikkje i vår bygd. Ljår, öksar, knivar og hövveltenner m.v. vert så å seie alltid slipte på rundstein - "slipesteidn" - för dei vert kvatte. Det vil seie at det vanlegvis vert kvatt mange gonger mellom kvar gong ein sliper. Ljåen vart vanlegvis slipt ved kvart måltid - altså 4 gonger om dagen. Etter kvar sliping må det kvetjast för reidskapet kan brukast. "Sliperonå" må kvetjast bort.

Tilk barberkniven brukte dei "heidn". Det var sjeldan folk hadde så fin slipestein at dei kunde bruka han på barberknivane.

4. Eg har aldri brukt eller set tynsleljå. I mi barndomstid höyrde eg ofte tale om dei. Dei gamle fortalde om den og den smeden som var så god å laga tynsleljåar og det var gjerne ein eller annan tynsleljå som dei hadde bruka og som var så serleg god at det gjekk ord om det.

Som ein vil forstå, kom skikken med å slipa ljåene til bygda för mi tid og eg kjenner ikkje til kva som eigentleg skilde tynsleljåar frå dei andre. Di verre kjenner eg ikkje meir til dette med tynsleljå.

5. Eg kjenner ikkje noko til slipesteinar som låg roleg. Det var berre steinar på aksling og med sveiv eg har bruka og set. Det vanlege var at slipesteinen vart lagd mellom to lange steinar som stod ned i jorda. Toppen av desse to steinane hadde så eit lite hakk som då var laget for akslingen på slipesteinen. Av og til bruka dei lyse (tran) eller berre lysegrut til smörning, men ofte gjekk det berre med å sputta på akslingen.

Eg har set tilfelle der dei hadde ein liten slipestein som dei tok med seg ut på marka på ein trekrakk, men

6. Så lenge eg kan hugsa var det vanleg at ljaen vart slipt ein gong i okta - altså 4 gonger for dagen. Var det serleg gode ljar kunde det nok gå over ein gong eller så, men det var sjeldan. Så kvatte det sjölv sagt mange gonger mellom kvar sliping: (Det er fortalt om ein fjordelgar som hadde leige man til å slå. Han tote leigemannen bruka for mykje tid til kvetjing og nemnde noko om dette til slattekaren. Han (slattekaren) skulde da ha svara: "Eg har sama betalninga eg, anten eg slar alle kvete".)

7. Eg kjenner ikkje til anna enn at det vart bruka same slags - eller det same - bryne til all kvetjinga. Trebryne o.l. kjenner eg ingen tin til.

8. Langljaen tek det av orvet når det sliper. Med stuttljaen er det ymse. Summe vil hels ha han av, andre tykkjer det er meir bry enn bate med å ta ljaen av. Anten det gjeld langljaen utan orv, eller det gjeld stuttljaen med- eller utan orv, er det summe som berre kan slipa med egget snudd ein av vegane - trå seg eller til seg. Su - det vart rekna for beste sliparane - kunde slipa like godt kva veg egget vende.

9. Når ein brynar langljaen støyter ein övre enden av orvet ned i marka og vender orvet over til venstre slik at underkanten på orvet vender halv oppover. Egget på ljaen kjem då til å venda mot högre når ljaen vender rett ut frå slattekaren. Han kvet så med högre handa. Kvar slattekar hadde sin eigen takt og lag med kvetjinga. Summe strauk kvasssteinen rett mot og rett frå egget, andre hadde ymse slags sveivingar i ymse styrklar Og denne taktten var vanlegvis annleis ute på ljaoddenn enn inne ved "kjotten".

Stuttforvsljaen snudde ein også opp ned på, men her heldt ein orvet mellom betna som ein sette i kross. Ellers vart det gjort som ved langljaen.

10. Det gamle var at kvar slattekar hadde sin "koteholk" med seg under slatinga. Anna namn enn koteholk kjenner eg ikkje. Koteholken kunde vera laga av ymse slags ting. Ein eldre bror minn fann såleis på ein gong å laga ein koteholk av ein ende av ei stor bambusstong. Eg trur og eg ein gong har set ein av lær. Det vanlege var like vel at han vart laga av tre. Det var ein avlang holk - firkantha. Så stort rom inni at det ymse sorter kvasssteinar gjekk ned, og så lange (høge) at størstedelen av steinen kom ned. Den sida som snutte inn mot mannen var noko högere enn dei andre 3 sidene. I den högaste enden var da hol der dei sette fast ein jernkrok, som vart hukka over bukseleinin ga eller beltet. I koteholken hadde dei sjölv sagt vatn. Eg har ikkje sett at horn har vore bruka.

11. Koteholken ber det midt bak.

12. Som nemnt, var det i gamle dagar, den tid det verkeleg vart slage med lja, bruka mest berre naturstein, og det vart da alltid bruka vatn. Med kunststein, som etter kvart er kome til, kan det vera litt ymse i så måte. At det brukar olje på bryner, har eg berre set når det gjeld bryning av barberknivar.

14. Eg kan ikkje hugsa at eg har høyrte noko slikt namn.

15. Kjerner ikkje til det.

16. Do.

17. Eg hugsar at det "etter gamalt" skulde vera godt å lata steinen stå i jorda ei tid frå nyom. I mi tid var det helst vanleg at folk ikkje sag seg tid til dette.

18. Kjerner ikkje til det.

19. Kjerner ikkje til det.

20. Net.